



Bystyrets kontor  
Postboks 7700  
5020 BERGEN

Vår referanse: 2022/56618-32  
Saksbehandler: Marie Mildestveit  
Dato: 11. mai 2023

## TILLEGGSNOTAT TIL UMBY-SAK 190/23 - Fana, Gnr. 41, Bnr. 757 m.fl., Nybøhagen (arealplan-ID 66180000), 2. gangs behandling av detaljregulering

Det er stilt følgende spørsmål til saka:

*«Naboer mener to gjesteparkeringsplasser vil føre til fremmedparkering. Hvordan er mulighetene for å regulere inn flere reguleringsplasser?»*

*Nybøhagen 7B ønsker vegrett på gangveg. Dersom utvalget skal legge dette til i planen, hvordan skal dette eventuelt gjøres ved å endre plankart/bestemmelser?»*

### Svar:

Trafikk og parkeringsdekning har vore eit sentralt tema i planprosessen, og er grundig vurdert etter innspela som har kome inn. Både naboar og Bymiljøetaten har vore skeptisk til trafikkauke i området på grunn av forholda i Nybøvegen.

Dersom det skal regulerast fleire parkeringsplassar, vil det gå utover areal som er sett av til andre føremål i planforslaget, slik som areal sett av til busetnad eller uteoppholdsareal. Det kan til dømes føre til at krava til uteoppholdsareal ikkje lenger er oppfylt. Vidare vil endring av arealføremål som hovudregel krevje ny høyring og offentleg ettersyn. Det kan vere mogleg å ta areal som er sett av til sykkelparkering til å etablere nokre fleire parkeringsplassar for bil.

Byråden anbefalar ikkje å etablere fleire bilparkeringsplassar som vil gå ut over andre føremål i planforslaget. Parkeringsdekninga er i tråd med KPA 2018, og byråden er av den oppfatning at ei høgare parkeringsdekning ikkje kan forsvarast ut frå vedtatte overordna mål om nullvekst i personbiltrafikken. Planområdet ligg òg tett på hovudsykkelruta. Ved at planforslaget legg opp til god sykkelparkeringsdekning og felles sykkelverkstad, blir det lagt godt til rette for auka sykkelbruk i tråd med målet om nullvekst i personbiltrafikk. Vidare vil fleire parkeringsplassar kunne føre til meir trafikk i området. Sjølv om planforslaget inneber tiltak som vil betre situasjonen for mjuke trafikantar i Nybøvegen, har vegen framleis ikkje kapasitet til trafikkauke ut over det planforslaget legg opp til.

Det er ikkje mogleg å regulere vegrett i ein reguleringsplan. Det er eit privatrettsleg forhold som må løysast uavhengig av reguleringsplanen, sjå mellom anna Kommunal- og distriktsdepartementets Reguleringsplanveileder punkt 6.2.

Med helsing

Byråd for klima, miljø og byutvikling - Ingrid Nergaard Fjeldstad

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*

Kopi til: Bystyrets kontor - Bjarte Kristiansen Frønsdal, Bystyrets kontor - Andreas Graue  
Berg